

Kyrkjeblad for Lom

Nr. 1 - 2026

Bøverdalen - Lom - Garmo

85. årgang



Informasjon frå kyrkjene i Lom

Kyrkjeblad for Lom

KYRKJENE I LOM

Kontortid kvardagar 10:00-14:00
Besøksadresse: 3. etg. Midtgard
Postadresse: Postboks 177, 2688 Lom

Leiar Lom kyrkjelege råd

Per Morten Mork, tlf. 909 40 635
morkpermorten@gmail.com

Sokneprest

Vakant

Kyrkjevevje

Anne Kristin Stenersen, tlf 481 65 527
kyrkjekontoret@lom.kommune.no

Kyrkjelydssekretær

Guri Husom, tlf. 481 65 528
kyrkjekontoret@lom.kommune.no

Kyrkjetenar

Jonas Fjeld, tlf. 400 62 194*
jonas.fjeld@lom.kommune.no
Ole Kristian Gråv, tlf. 400 62 194*
ole.kristian.grav@lom.kommune.no
*Kontortelefon. Ikkje tilgjengeleg kveld/helg.

Organist

Rasim Ramazanov, 939 30 538
rasim.ramazanov@lom.kommune.no

Kyrkjelydsarbeidar

Endre Skjåk, tlf. 901 35 738
endre.skjak@skjaak.kommune.no

Omvisartenesta

Tlf. 481 65 529
booking.lomstavechurch@lom.kommune.no

Kyrkjebladet

Konto: 2085 07 11772 (merk «kyrkjeblad»)
Bladpengar pr. år: Innanbygds: 150,-
Utanbygds: 200,- Utanlands: 250,-

Redaksjonsgruppe:

Anne Sulheim, Asta Brimi, soknepresten,
kyrkjelydssekretæren og kyrkjevevja

Utforming/sideoppsett:

AV Rossehaug
Trykk: Dale-Gudbrands Trykkeri as



BLOMEFONDET

Gåver til Blomefondet ved gravferder:

NB! Det er svært viktig at du brukar vippsnummer og kontonummer som står i dødsannonsene, viss ikkje kan namnet ditt havne på feil gåveliste.

Gåver til Blomefondet utanom gravferder:

- **Konto 2085 29 66107**
- **Vipps 533520**

Du treng ikkje skrive kven som gjev gåva. Vi ser namnet på innbetalinga.

MEN! Dersom du gjev gåve frå fleire, eller andre enn deg sjølv, skriv namnet i kommentarfeltet.


Listene vil bli lagt ut i banken som tidlegare, men det er viktig at du overfører pengegåva di innan klokka 11:00 gravferdsdagen slik at du kjem med på lista til dei etterlatte.

I kyrkjeblad nr. 4 i 2017 stod historia om blomefondet vårt som feira 70 år same året. I mange år var det eit blomefond i kvart sokn, men då det eine fondet var omtrent tomt for midlar, vart dei samanslegne til eit fond frå 1. januar 2006. Slik er det framleis.

Er det spørsmål i samband med blomefondet, kan det rettast til kyrkjekontoret på tlf 481 65 527 eller kyrkjekontoret@lom.kommune.no



Frist for innsending av stoff til neste kyrkjeblad er 1. mai 2026



Ja, eg trur på korsets gåte!

Påskeevangeliet er fantastisk. Det er utgangspunkt for verdas største rørsle av håp. Det er ei forteljing som gjev menneske tru på livet og kjærleiken – trass alt.

«Det leitar mange etter no, anten dei sver til Gud eller ikkje», skreiv Aftenpostens kommentator Nazneen Khan-Østrem i ein kronikk rett før påske i fjor. Der minna ho om påska sitt grenselaust store budskap i møte med livets og verdas bølgedalar, og la til: «Jesus døydde trass alt ikkje på krossen for at nordmenn skal ha påskeferie.»

«Eg er redd for å bli redd», seier Peder (15) i NRK-dokumentaren «Team Pølsa». Det er fleire enn meg som vart imponert og rørt av dei seks ungdommane og trenaren deira, Øystein «Pølsa» Pettersen. Seks ungdommar med ulike diagnosar og funksjonsnedsetjingar som skal gjennomføre eit skirenn under ski-VM i Trondheim. Etter fyrste episode byrja eg berre å gråte. Eg vart overvelda av det som skylte over meg der eg sat i godstolen.

Dei lever med diagnosar som ikkje let seg lækja, og døden så tett på kroppen. Og dei er jo berre born. Og sjølv om dei skulle klare å koma i mål i skirennet, blir dei jo ikkje lækja. Men Peder er sterk og uthaldande, med kjenslene utanpå kroppen og med eit stort hjarte for alle. Og det er dei menneskelege eigenskapane som rører meg mest. Mot, audmjukskap, men òg sinne. Korleis dei er med kvarandre, som lag.

Og då den beskjedne og stillfarne Sunniva (14) – laget si trygge hamn og kaptein – held i stavane saman med Syver (13), han som inspirerer og tek utfordringar på strak arm og ser løysingar trass barnedemens og at han ikkje lenger ser – og saman køyrer ned den brattaste bakken i Granåsen på isføre

og med dødsangsten i spora i siste episode – då minner det meg samtidig om håpet i den tomme grava.

For kva er håp? Og kva slags framtid kan vi håpe på?

Heilt sentralt i påska og i den kristne trua er håpet.

Håp for oss sjølve og for verda – basert på trua om oppstoda. For det kristne håpet er noko anna enn optimisme og tru på framsteg og framgang. Håpet som vekkast ved den tomme grava er noko anna, forankra både i Guds skaparvilje og Gudsrikets løfte.

Håpet handlar om kva slags makt som er sterkast, og kva slags Gud vi eigentleg prøver å setje vår lit til. Det er eit håp som er uløyseleg forankra både i krossen OG den tomme grava. Det er forankra i Jesus sjølv. Han som gjer at også vi kan halde fast ved håpet om Guds nærvær i lidinga, om oppreising på botnen av tilværet og om kjærleiken som er sterkare enn døden.

Håpet om æva er kanskje ikkje det vi er mest opptekne av i vår tid, men håpet som ligg i den tomme grava handlar i sitt djupaste om det evige. Det handlar ikkje berre om håpet om betre tider, men om sigeren over døden og dødskreftene, og at Gud ein gong skal gjere alle ting nye.

Det er kraft i dette, sjølv om vi veit at vi alle skal døye ein gong. Det gjev kraft til håpet og ei framtid i livet og kjærleiken si retning – uansett. Vi er ein del av ei håpsrørsle.

God påske!

Ole Kristian Bonden
Biskop

foto: Lars Martin Bøe

Funn av giftstoff i Lomskyrkja

Ein pilotstudie gjort av NILU etter oppdrag frå Riksantikvaren, syner høge nivå av farlege kjemikaliar i ni antikvariske bygg rundt om i landet. Det har vore gjort målingar av støv, luft og materialprøver i Lom stavkyrkje, Urnes- og Kaupanger stavkyrkjer, tømmerstover i Telemark, freda bygg på Kjerringøy, bygg på friluftsmuseet i Bodøsjøen og freda bygg på Bjølstad i Heidal.

Bruk av kjemiske konserveringsmiddel som kom på marknaden i mellom-og etterkrigstida ser ut til å ha vore vanleg praksis innan kulturminnevernet. Rapporten seier at det ikkje finst dokumentasjon på at Lomskyrkja har vorte innsett med kjemisk impregnering, men det betyr likevel ikkje at det ikkje har vore gjort.

Kva fann dei i Lomskyrkja etter målingar i 2025?

Prøvetakinga vart gjort i januar 2025 langs ytterveggen i sakristiet og nedre del av vegg/overgang golv på «skjerma» stader i hovudskipet.

Luft

Den totale mengda av miljøgifter i luftmålingane er låge, og er innafor normale konsentrasjonar i norske bustader.

Støv

Måling av miljøgifter i støvet viser høgare verdier av:

- DDT-insekt eller trebeskyttelsesmidde
- PAH- finst i eldre typer tjærestoff som steinkoltjære og kreosot som vart forbode på 1970-talet
- Bly- truleg restar frå eldre typer maling

Materialprøver

Det vart ikkje teke materialprøver i Lomskyrkja

Konklusjon

I rapporten understrekar NILU at sjølv om det i mange av dei kartlagde bygga ikkje vart avdekka bekymringsverdige nivå på luftmålingane, er det framleis bekymring rundt nivå av miljøgifter i støvprøvene. NILU gjev råd om utvida testing med aktiv luftprøvetaking inne i bygga for å kunne seie noko om eksponeringsfare for støv.

Kyrkjeverja har vore i kontakt med dei som har utarbeidd rapporten for å få ei generell vurdering av tilhøva i Lomskyrkja. Dei seier at giftfunna ligg på eit relativt lågt nivå samanlikna med dei andre bygga. Dei anbefalar likevel at vi brukar støvsugarar med HEPA-filter (som vi har brukt tidlegare) og vaskar oss på hendene før måltid dersom vi har vore i kontakt med treverk. Dersom handverkarar skal utføre vedlikehaldsarbeid, bør dei ha på seg utstyr for å verne seg mot oppvirvla støv.

Å besøkje Lomskyrkja på messer, gravferder og liknande, samt å opphalde seg der i kortare perioder slik som dei tilsette gjer, ser dei ikkje på som nokon helserisiko.

Kjelde: Hjemdahl, A.S. (2026). Gift i bygningsvernet- underlagt kulturmiljøforvaltningen, Telemarksforskning, rapport 920

Var metoden for maling av Lomskirken uheldig?

«Uriktig å bruke kirken til eksperimenter», sier formannen i heimbygdslaget.

Ved malingen av Lomskirken for noen få måneder siden, ble det benyttet tjære og karbolinlum, — en maleblanding som er forholdsvis ny og ukjent. Det er ikke riktig å bruke kirken til å eksperimentere med, og noe må gjøres slik at dette ikke kan gjenta seg, uttaler formannen i Lomheimbygdslag, Lars Sulheim, i en samtale.

På samme tid som malingen ble foretatt, ble det også satt opp lynavleder. Formannen har rådspurt sakkyndige på området, og svaret fra disse gjør riktigheten av denne nyan-skaffelsen tvilsom. Det er nevnt at kirken har stått i 800 år før uten at det har vært antydninger til lynnedslag. Med lynavleder med én streng opp oppnår en ikke noen sikkerhet.

Ellers må lynavleder-anlegget stadig ettersees, i det minste hvert 3. eller 4. år. Hvis ikke det blir gjort, vil hele anlegget direkte bli et faremoment. Det vil med det første bli gjort henvendelse til eksperter ved den tekniske høyskolen for å høre hva disse mener om saken. Det kan vel da bli tale om å ta det hele ned igjen. — Hele styret er enig om at denne kritikken må være berettiget.

Formannen kommer til slutt i samtalen tilbake til den maleblanding som har vært benyttet. Karbolinlum er et biprodukt av stein-kol-tjære. Det heter seg at glansen i treet kan tape seg ved maling med dette produkt, som på samme tid skal virke drepende på sopparter i treet. Og jeg er stygt redd for, understreker Sulheim, at Lomskirken ikke på mange, mange år vil få igjen den glansen som har vært så kjent viden om. Mange malere har gjennom tiden brukt Lomskirken som motiv — kanskje nettopp særlig mye på grunn av den underlige og vakre treglansen i de århundregamle treveggene.

Gudbrandsdølen 31.12.1949

Kva er Kirkens Nødhjelps fasteaksjon?

Kirkens Nødhjelps fasteaksjon er Noregs nest største bøsseaksjon etter TV-aksjonen. Pengane som blir samla inn, går til Kirkens Nødhjelps arbeid over heile verda.

- To veker før påske går rundt 40 000 frivillige bøsseberarar frå 1200 norske kyrkjelydar frå dør til dør over heile landet og samlar inn pengar til Kirkens Nødhjelps arbeid.
- Aksjonsdagane i 2026 er 22.–24. mars.
- Temaet er: Håp i ein drope vatn.
- I 2025 vart det samla inn om lag 36 millionar kroner.
- Kirkens Nødhjelp arbeider med akutt bistand i katastrofar og med langsiktige prosjekt for å redusere naud og fattigdom i verda. Vi arbeider for fred og rettferd, og for å redde liv.
- Les meir på www.fasteaksjonen.no

Kva går pengane frå aksjonen til?

Gjennom Kirkens Nødhjelps fasteaksjon blir det samla inn pengar til både naudhjelp i katastrofar og langsiktige prosjekt for å redusere naud og fattigdom i verda.

Vi har særleg fokus på tilgang til reint vatn og dei enorme ringverknadane det skapar for enkeltmenneske og lokalsamfunn. Nesten 800 millionar menneske lever utan tilgang til reint vatn i verda.

I Lom går konfirmantane våre frå dør til dør måndag 23. mars. Ta vel imot dei.

Tenk deg ein kvardag utan tilgang til reint vatn.

Dette er røynda for 800 millionar menneske. Støtt arbeidet vårt for reint vatn til dei som verkeleg treng det.

VIPPS til 2426



KIRKENS NØDHJELP
actalliance



Ein stor takk til Torstein K. Garmo

Lom kyrkjelege råd vil rette ein stor takk til Torstein K Garmo for dei flotte votivtavlene han har gjeve i gåve til Garmo kyrkje.

Han har lagt ned mykje arbeid med å få tilgang til dei originale tavlene på Glomdalsmuseet, og har i

tillegg kosta reproduksjon og innramming. Torstein fortel om historia til måleria her i kyrkjebladet, og vil offisielt overekkje dei på messa i Garmoskyrkja den 22. mars. Alle er hjarteleg velkomne til å sjå dei fire flotte måleria på veggen.

Fire gåver til Garmo annex

Det er ei kjend sak at det vart bygd ny kyrkje i Garmo på 1870-talet, og at den vart innvigd den 12. september i 1879.

Tekst: Torstein K. Garmo

Den gamle stavkyrkja vart riven i 1882, og seld på auksjon. På auksjonen var det berre bygget som vart seld, ikkje inventaret. Det går fram av auksjonsprotokollen som vart førd i penn den gongen. Denne auksjonsprotokollen fann eg på Statsarkivet på Hamar i 1992.

Det er ei misoppfatning at Trond Eklestugun kjøpte det meste av kyrkja på denne auksjonen. Det går fram av auksjonsprotokollen at Trond kjøpte berre 6 stokkar på auksjonen.

Ein del av inventaret frå kyrkja vart teke i vare av folka på Systun Garmo, blant anna altartavla og ein del av måleria som var gjevne til kyrkja av ein del namngjevne personar, der namna står på måleria. Desse måleria har vorte omtala som epitafium opp gjennom åra, og har vorte det også av fagfolka på Glomdalsmuseet. Eit epitafium er noko som er gjeve som minne etter ein død person. Alle dei måleria som var i Garmo kyrkje var gjevne til kyrkja av folk som var i live - i takksemd for ting dei hadde opplevd. Ei slik gåve, gjeve av folk som var i live på det tidspunkt dei overrekte gåva, det blir kalla ei VOTIVTAVLE.

I tillegg til 4 votivtavler så har også kongemonogrammet til kong Christian den VI, dansk-norsk konge frå 1713-1730, hamna på Glomdalsmuseet. Dette monogrammet utgjorde ein del av korskillet. Det hadde ei breidde på nesten 2 m og var omlag 1,5 m høgt. Når eg skriv var, så er det på grunn av at dette monogrammet nå er kutta i fleire delar. Om dette har skjedd før det vart frakta nedover til Elverum eller ein eller annan gong seinare, det veit vel ingen, men eg trur det har skjedd etter at det kom til Elverum.

Eg har kjøpt eit bilde av kongemonogrammet der det er om lag slik det var før det vart kutta i fleire delar. Korleis desse tinga frå gamle Garmo kyrkje har hamna på Glomdalsmuseet har vore nærast som ei gåte for oss i Garmo opp gjennom åra. Eg har nå

funne ut at Helge Væringsåsen frå Elverum var her i Garmo og kjøpte desse tinga - truleg rett etter at kyrkja var riven. Men det finns ingenting skriftleg om salet.

Helge Væringsåsen vart fødd i Elverum i 1836. Faren var Peder H. Wæringsåsen. Han hadde kjøpt opp store skogeigedomar både i Østerdalen og i Finland. Han etablerte Ådalsbruket i Løten, som produserte cellulose. Han var også med på å etablere fleire industriverksemder, ved sida av at han hadde ein større aksjepost i Folldal Gruver.

Då faren døydd i 1888 overtok Helge heile den omfattande verksemda. Men medan faren var ein tvers igjennom forretningsmann, så hadde Helge heilt andre grunnverdiar for sitt engasjement. Han kunne vald å ha rikdomen for seg sjølv og bygd den vidare ut. I staden brukte han rikdomen til å utvikle samfunnet rundt seg.

Det var altså før han overtok denne store verksemda at han var her i Garmo og kjøpte dei 5 tinga som vi nå har fått attende kopiar og bilete av - og ikkje minst fått sett dei.

Helge gifta seg med Berthe Rogstad i 1840. Dei fekk 4 barn, 3 jenter og ein gut. Guten, som heitte Peer, døydd berre 11 år gamal av difteri. Den eine jenta døydd 30 år gamal av tuberkulose. Dei fekk også tre barn som døydd som spedbarn. Det var 2 døtrer som levde til dei vart vaksne.

Helge Væringsåsen bygde opp eit privat museum på garden sin Korsbakken i Elverum som han kalla Alfarheim. På sine mange reiser kjøpte han opp ting til museet sitt. Det var ikkje ting berre frå her i landet. Då kona hans døydd i 1908 la han ut på ei lang reise nedover Europa og til Midt-Austen. Turen gjekk fyrst til Istanbul, vidare til Syria og Palestina og seinare til Egypt. Han kalla denne reisa for «Jorsalaferdi», og den arta seg nesten som ei pilegrimsferd.

Denne reisa brukte han 8 månadar på å gjennomføre. På denne turen skaffa han seg blant andre ting, eit sarkofaglokk frå Egypt, ein spesiell stol frå Damaskus og eit romersk portretthovud. Desse tinga kan ein i dag sjå på Glomdalsmuseet.



Dette er ei av dei 4 votivtaflene. Teksten er slik: «Gud Til ære Kirken til beprydelse er Denne Tafle given til Garmo Annex, af den gudfryktige Pige Anne Siuvers datter Anno 1719.» Det er altså ei gåve til Garmo anneks – ikkje til kyrkja.

Helge døydde i 1917. Rett før han gjekk bort oppretta han eit minnefond etter sonen Peer, som døydde berre 11 år gamal. Fondet fekk namnet «Peer Væringsåsens Minnefond» pålydande 1 million kroner. Det var mykje pengar i 1917. Fondet skulle brukast til allmennyttige formål i Elverum, og det er spesielt nemnt arbeid med å opprette ein folkehøgskule, som vart ein realitet berre få år etter at Helge gjekk bort. Det vart også brukt midlar av fondet i arbeidet med å opprette ein lærarskule i Elverum.

Helge dreiv verksemder innan fleire ulike bransjar, men han kalla seg for Østerdalsbonde heile livet. Da Helge var her i Garmo ein gong rett etter 1882 må han ha reist hit opp med hest og vogn. Kongemonogrammet var så stort at det var nødvendig for å frakte det den lange vegen.

For meg får desse votivtavlene og kongemonogrammet ein større affeksjonsverdi når ein person som Helge Væringsåsen har teke vare på dei og hadde dei i si forvaring i 35 år. Elles veit vi at dei nemnde tavlene var i Garmokyrkja i 164 år, og har nå vore til forvaring på Glomdalsmuseet i 108 år.

Her i Garmo har det lenge vore prata om å prøve å få desse tinga frå Garmoskyrkja - som har vore på Glomdalsmuseet - attende hit til Garmo for å ha dei i den nåverande kyrkja. Det har stort sett vorte med praten. Eg vart leiar i soknerådet her i Garmo tidleg på nittitalet. Eg reiste nedover til museet på Elverum i 1992 for å sjå på det som eg hadde høyrte så mykje prat om opp gjennom åra. Eg var vel den fyrste som aktivt prøvde å gjere noko med det. Trudde at tinga stod på utstilling og at det var ei enkel sak i det minste å få fotografert dei.

Minnet at eg vart både overraska og skuffa da eg fekk til svar på museet at dei ikkje visste kvar dei hadde tinga som eg trudde var av dei ting dei sette stor pris på å ha.

For å gjera ei lang historie stutt så kan eg si at eg hadde tre turar til nedover, med same utfall. Siste turen var i august i 2023. Då hadde eg sendt ein e-post i forvegen og spurde om å få sjå tinga frå Garmoskyrkja, og at eg gjerne ville få ein prat med direktøren, Ola Mørkhagen.

Ein prat med direktøren fekk eg, og han sa det same som eg hadde fått beskjed om 3 gonger tidlegare – at

dei ikkje visste heilt kvar dei hadde desse tinga. Så gjekk det fram til på vårparten nå i 2025. Då sende eg ein ny e-post og fortalde at eg hadde vore fire turar nedover til Elverum opp gjennom åra, utan å oppnå å få sjå dei tinga eg gjerne ville sjå. Eg skreiv at denne gongen reiser eg ikkje før eg hadde sikkerheit for at eg fekk sjå dei. Ba dei sende ein e-post når dei hadde funne dei 5 tinga eg gjerne ville sjå.

Då endra alt seg. Museet hadde fått ny sjef, Eva Westvang Skirbekk. Og det var ho som sende meg svar. Ho var svært lei seg for at eg hadde hatt så mange turar nedover utan å få sjå det eg var ute etter å sjå. Ho ville at eg skulle velje ein dato for når eg ville nedover, så skulle alt ligge klart. I tillegg sende ho meg bilete av alle 5 tinga. Det viste seg at alt var fotografert og låg i Digitalarkivet.

Eg avtala ein dato for når eg gjerne ville reise nedover. Kari Langøygaard og Arild Løken ville også vera med. Da vi kom nedover til museet så var alt lagt ut i inngangshallen til eit av dei nye bygga der nede. Vi vart teke godt imot av Eva Refsahl. I tillegg var det 4 fagfolk innan ulike felt som stod til vår disposisjon. Det som slo meg nærast umiddelbart etter at eg fekk sjå tavler og korskilte, var at det nok var mindre aktuelt å bringe dei oppover hit og inn i kyrkja vår. Ved å få sjå dei fekk ein med ein gong eit betre inntrykk av kor gammalt dette var, og at det mest fornuftige ville vere at dei vart oppbevara i lokale med klimastyring og i eit miljø som var tilpassa å ta i vare slike gamle ting. Om lag det same inntrykket hadde også både Kari og Arild.

Så vi enda relativt raskt med å drøfte det med å få laga kopiar. Då var det fotografering som var det mest aktuelle. Ein fotograf, Emir Curt, var ein av dei fagpersonane som var med oss. Vi fekk også informasjon om at eit fotografi kunne manipulerast, eller retusjerast som det vel heiter på fagspråket. Dette hadde dei gjort ein del av på museet og hadde folk som hadde ein del erfaring med det.

Då vi reiste frå Elverum, var det med ei avtale om at museet skulle få teke bilete av både votivtavlene og korskillet. Eva Refsahl skulle vera vår kontaktperson på museet.

I tida etter at eg kom heim frå turen til Elverum tok eg kontakt med fleire personar som eg visste hadde kunnskap om dette med fotografering av slike ting.

Vi kom fort fram til at når det vart teke fotografi av ting som var måla på lerret så burde fotografiet printast ut på lerret. Eva Refsahl fortalde at museet hadde brukt Flisa Trykkeri til slike oppdrag. Eg tok kontakt med dei, som var villige til å ta oppdraget.

Ei høgoppløyselig datafil vart så sendt over til trykkeriet. For å kunne printe ut på lerret måtte dei lage ei solid ramme som dei spente ut lerretet på før printinga så vart gjennomført.

I denne prosessen var det mest spørsmål om pris. Eg hadde ein del kontakt med henne som var min kontaktperson på trykkeriet, Anne Marthe Fjeldseth. Det tok relativt lang tid før vi fekk dette gjennomført,

og det var nok mest det med å få laga rammer som tok tid, for det var ting eit trykkeri ikkje driv med til vanleg.

Så eg må si det var spesielt å få varsel om at alt var klart for henting på trykkeriet. Eg reiste eins ærend nedover for å henta votivtavlene. Fotografi av kongemonogrammet hadde eg teke med meg frå Elverum tidlegare. Et bilde som inneholder maling, person, klær, kunst. KI-generert innhold kan være feil.

Eg vil gjerne gje desse 5 tinga som gåve til kyrkja i Garmo, eller til Garmo anneks, som dei opphavelg vart gjevne til. Kopiar av dei 4 votivtavlene og fotografiet av kongemonogrammet.

Kunne du tenkt deg å vera friviljug i kyrkja?



Lomskyrkja på slutten av 1960-talet. Foto: Reidar Øyjordet

Vi ynskjer oss fleire på lista med folk som vil hjelpe oss med tekstlesing og vera kyrkjevert i messene våre. Som kyrkjevert er oppgåva å stå i døra og ynskje velkomen på messe, og dele ut salmebøker. Når messa er over, står kyrkjeverten i døra og tek i

mot att salmebøkene.

Som tekstlesar er oppgåva å lesa 1-3 tekster og kunngjeringane i løpet av messa.

Ta kontakt med kyrkjekontoret. Kontaktinformasjon står fremst i bladet.

Første helga i februar var konfirmantane i Lom og Skjåk klare for leir på Lillehammer. Det var også dei fleste andre konfirmantane i Nord-Gudbrandsdalen og mange andre. Til saman var det omlag 700 ungdommar samla i Håkons hall, så det var mykje liv og røre og mange nye fjes å kunne bli kjend med. Første kvelden var det opningsseremoni i Lysgårdsbakken i riktig OL-stil med fakkeltenning og fyrverkeri. Resten av helga var fylt opp med fleire samlingar ved scena med musikk, show og undervisning samt mindre gruppesamlingar med andre ungdomsleiarar.

Det var også bra med tid til å delta på ymse aktivitetar i og rundt OL-anlegga som alpin, aking, bob, snørekøyring, bading, ballspel og liknande. Laurdag var det også Uganda-marked der alle hadde ein eller anna gruppevis vare eller teneste dei selde til dei andre på leiren. Til dømes ansiktsmåling, sviball, massasje eller speed-date. Inntektene frå dette går til gode formål for andre ungdom i Uganda, og er ein artig og meningsfull måte å bidra til ei god sak på.

Denne turen til Lillehammer gjev konfirmantane mykje undervisning og læring på stutt tid, men er like mykje ein viktig sosial del av konfirmanttida og har vorte ein fin tradisjon for oss.

Det var ein trøyt, men tilfreds gjeng som vende nasen heim søndag. Takk til Monica Holm Kolden som stilte opp som nattevakt, og ein stor takk til konfirmantane for ei triveleg helg.




HEK





KTA



Konfirmantjubleet 2026

I år vert det jubileumsmesse i Lomskyrkja, laurdag 22. august 2026 klokka 12:00. Etter messa inviterer vi alle jubilarane til kyrjekaffe i kyrkjelydshuset. Rundt påsketider sender vi ut invitasjon til dykk som er jubilarar.

Det var ikkje konfirmantar i nokon av sokna i 1966 og grunnen til det kan ein lesa lenger ned på sida her. Dette sto i kyrkjebladet for Lom, nr. 9-10, Desember 1965, 23. årgang

Lom kyrkje

- 22. september 1946
- 23. september 1956
- 30. mai 1976

Garmo kyrkje

- 29. september 1946
- 30. september 1956
- 23. mai 1976

Bøverdalen kyrkje

- 06. oktober 1946
- 07. oktober 1956
- 07. juni 1976



KONFIRMANTORDNINGA



I dei siste åra har vi her i Lom gått frå den gamle ordninga med konfirmantlesing i sommarhalvåret og konfirmasjon i oktober. I staden har vi med godkjenning frå biskopen halde konfirmasjon i juni, og det har ført med seg at presten har lese med konfirmantane i tida frå jul og fram til sommaren.

Av praktiske grunner har det vore naudsynt å ha konfirmantlesinga om formiddagen. Store avstandar, lange skuledagar, mykje leksearbeid osb. gjorde det umogleg å ha undervisninga om ettermiddagen når konfirmantførebuinga gjekk for seg i skuleåret. Så lenge vi hadde ordninga med framhaldsskule og realskule let det seg ikkje gjere å få konfirmantlesinga om formiddagen i det 8. eller 9. skuleåret, og difor måtte vi førebels leggje konfirmantførebuinga til det 7. skuleåret.

Nå når den 9-årige folkeskulen er kome, må vi kunne finne fram til ei ordning som gjer det mogleg å ha konfirmantlesing om formiddagen idet 8. eller 9. skuleåret. Vi veit enno ikkje korleis vi skal ordne dette i praksis og difor må vi nytte tida i det året som ligg framfor oss til å arbeide med denne saka.


Vi gjer altså rekning med at konfirmantførebuinga heretter skal gå for seg i 8. eller 9. skuleåret. Dei som nå er i 7. klasse skal difor ikkje gå for presten i år. Dei må vente til 8. eller 9. klasse og vil då få nærare melding når tida er inne. Og dei som nå er i det 8. eller 9. skuleåret skal heller ikkje gå for presten i år, for dei er jo alt konfirmerte.

Så vert det altså ikkje konfirmantlesing vinteren og våren 1966 og ingen konfirmasjon i juni 1966. Neste konfirmantlesing tek til hausten 1966 eller vinteren 1967 og neste konfirmasjon vert halde i juni 1967. Vi har såleis eit «kvileår» og det skal nyttast til å finne fram til den konfirmantordninga som er best for oss her i Lom.







Barnas



LABYRINT
Hjelp Maria
å finne
vegen til
grava.



FARGELEGG biletet av Jesus som viser seg for Maria etter at han døydde og stod opp att.



Teikning: Chiara Bertelli

Hemmeleg melding til agentar

Bruk agentalfabetet for å tolke meldinga.

כז קכזקל זכ

כזקל זכ קכזקל

Vitsar:

- Du luktar så godt i dag. Kva har du teke på deg?
- Reine sokkar.

Det mystiske agentalfabetet:

ה	ג	ז	ב	א	ד	ו	ה	ז	ח	ט	י	כ	ל	מ	נ	ס
A	B	C	D	E	F	G	H	I	J	K	L	M	N	O		
ב	ד	ז	ה	ו	ח	ט	י	כ	ל	מ	נ	ס	פ	ק	ר	ש
P	Q	R	S	T	U	V	W	X	Y	Z	Æ	Ø	Å			



Gi bladet Barnas
til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvane er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller **22 08 71 00**

Har du
høyrte om han
som søv så
tungt at senga
knekte?



Søndagsskolen – mer enn du tror

Fasteaksjonen 2026

Norske kyrkjelydars innsats i Kirkens Nødhjelps fasteaksjon gjev livsviktig støtte til menneske som treng det.

Tekst: Åsne Gullikstad Foto: Håvard Bjelland

For berre nokre månader sidan endra alt seg for familieane her i landsbyen Kutishafa i South Omo sør i Etiopia. Kirkens Nødhjelp har bidrege til reint vatn her. Pengar som kyrkjelydar i Noreg samlar inn i fasteaksjonen bidreg til dette arbeidet.

Vart sjuke

Tidlegare måtte jentene grave med berre hendene for å finne vatn under sanden i elvebotnen. – Det tok lang tid, og vi fekk lite vatn, seier Tsion Melkamu.

Dei måtte grave hol i sanden slik at vatnet pipla opp, og deretter vente til vatnet var så klart som mogleg, før dei auste vatnet over i kanna. Nokre gonger kunne prosedyren ta halvannen time. Sidan det var lite vatn og tidkrevjande å hente, vart det lite vatn per familie. – Det kom også mange kyr som drakk på same stad. Sidan vatnet var ureint, vart mange ofte sjuke, fortel ho.

Å hente vatn er jentene og kvinnene si oppgåve her. Å bruke så lang tid på å hente vatn hadde også ein annan konsekvens for jentene: Dei rakk ofte ikkje skulen etter å ha henta vatn om morgonen, og mista verdifull undervising. – No som det tek så lite tid å hente vatn, rekk vi skulen kvar dag, seier Gaba Roro.

Demning

Kirkens Nødhjelp starta arbeidet med å skaffe reint vatn her i 2025, saman med den lokale partnaren Action for Development (AFD). No får 190 hushaldingar med til saman rundt 1100 innbyggjarar tilgang til dette vatnet.

Systemet er enkelt, men effektivt: Ei demning og ein brønn med ein vasspost. – Dette er eit innovativt prosjekt for oss. Det er fyrste gong i Kirkens Nødhjelps 52 år lange historie i Etiopia at vi gjer dette, fortel Gedewon Teka, vassekspert ved Kirkens Nødhjelps landkontor i Etiopia.

– Som regel kjem det regn i to månader, så ikkje meir. Elles i året er det tørt på overflata i elveleiet, slik at folk måtte grave etter vatn under bakken. Det vatnet er ikkje reint. Vi laga ei demning slik at når regnet kjem, stanar vatnet her, seier han og peikar mot demninga.



Demninga held attende vatnet som kjem i den korte regntida, og vatnet spreier seg i alle retningar. Fire–fem meter unna er det bygd ein brønn som ligg lågare enn elva, og vatnet blir filtrert inn i brønnen gjennom sand og jord. Ei handpumpe er montert på vassposten. – Sand og jord er eit perfekt filter. Mikrobar blir fjerna når vatnet blir filtrert gjennom sanden, og vatnet vert klart. Dette er reint vatn. Og vatnet er tilgjengeleg heile året her no, seier Gedewon.

Tørka ut

Reint vatn har enorme ringverknader for heile samfunnet, fortel Gedewon. Han trekkjer særleg fram to ting: – Når folk får reint vatn i landsbyen på denne måten, sparer jenter og kvinner tid. Det gjer også at folk held seg friskare. Pengar dei kanskje brukte på medisinar før, kan dei spare no. Når dei er friske, kan dei også jobbe meir og gå meir på skulen, seier han.

No som systemet er etablert, har Kirkens Nødhjelp og AFD overlate drifta til ein lokal vasskomité. Gedewon Teka fortel at forankringa i lokalsamfunnet og hjå dei lokale styresmaktene er svært viktig for Kirkens Nødhjelp og partnerorganisasjonane. – Det er viktig at lokalsamfunnet har eit eigarskap til prosjektet, og det har dei viss dei bidreg. Når vi trekkjer oss ut, held dei det i gang vidare. No seier folk i lokalsamfunnet her at denne demninga er deira, seier Gedewon Teka.



Lom friviljugsentral

KVAR MANDAG	KVAR TYSDAG	KVAR TORSDAG	SISTE FREDAG
11.00 Bundingen strikkegruppe. Kaffe, te og biteti!	11.00 Småbarnskafé - Ta med deg dei unge lovende på treff! Kaffe og biteti.. 11.00 Kaffebesøk - Lom helseheim.	11.00 Aktiv saman, Lom! Sirkeltrening med fysioterapeut, lunsj og kaffe. Oppmøte i Presthaugen!	11.00 Fredagstreff Lom friviljugsentral byr på: -Underholdning - Åresalg -Kaffe, te og biteti

Ein friviljug jobbar betre enn ein som må!

Lom Friviljugsentral er ein møteplass og ein ressurs for frivillig innsats i Lom kommune. Vi arbeider for å styrke fellesskap, inkludering og livskvalitet gjennom frivillig engasjement.

Vi søker friviljuge som har tid og overskot og som vil være med på kaffebesøk på helseheimen!

Kontakt Weronika – 901 82 957

Salmekveldar

Vi ynskjer velkomen til salmekveldar i kyrkjelydshuset i Lom.

Kveldane som er sett opp:

- 27. januar
- 24. februar
- 24. mars
- 21. april
- 19. mai.

Tidspunktet er 19:00.

Det vert kaffe og litt biteti.

Vel møtt til trivelege kveldar med salmesang!



Dugnader våren 2026

Rakedugnader:

- Lom: måndag 4. mai kl. 17
- Garmo: torsdag 7. mai kl. 17
- Bøverdalen: måndag 11. mai kl. 17

Plantedugnader:

- Lom: måndag 1. juni kl. 12-18
- Garmo: onsdag 3. juni kl. 14-18
- Bøverdalen: torsdag 4. juni kl. 14-18



Blomsterfelta blir rydda for jule- og påskepynt før rakedugnaden, så om det er kransar og liknande som skal takast vare på, må dette fjernast veka etter påske.

**Konfirmantar Lom kyrkje,
laurdag 23. mai kl. 12:00**

- Kari Anne Bosmen
- Sina Turtum Gubhage
- Mari Kirkestuen Hellekveen
- Jonas Skjedsvoll Kolden
- Silje Holm Kolden
- Violetta Lazarenko
- Noah Mandal
- Mykyta Remihailo
- Kristine Sperstad
- Hanne Vole
- Therese Vole
- Storm Østenseth-Bakke

**Konfirmantar i Garmo kyrkje,
laurdag 30. mai kl. 12:00**

- Torgrim Langøygaard
- Marius Vestad

**Konfirmantar Bøverdalen kyrkje,
laurdag 06. juni kl. 12:00**

- Iver Flå
- Håkon Mundhjeld



Trusopplæringa framover

Sundag 26. april vert det Tårnagentmesse for 8-åringane i Bøverdalen kyrkje.

Måndag 1. juni vert det såing for 4-åringane i samband med plantingane på kyrkjegarden i Lom. Invitasjon med tidspunkt kjem i posten.

Er ikkje ditt barn medlem i den norske kyrkje, er dykk likevel velkomne til trusopplæringstiltaka våre.

Vi gler oss på å treffe dykk!



Orientering om vigsel i Lom kyrkjekommune

Dette er korleis vi organiserer vigsel i kyrkjene våre:

Datoar for vigsel vert lagt ut ca. april året før, på nettside, facebook og kyrkjeblad nr. 1.

Det er kun desse datoane som er tilgjengelege, da dette er helger med arbeid for kyrkja sine tilsette.

Ta kontakt med kyrkjekontoret for å høyre kva som er ledig.

Fram til 1. oktober vil datoane vera reserverte for brurepar med bustadadresse i

Lom eller tilknytning til Lom (Føresette med bustadadresse i Lom).

Har vi ledige tidspunkt etter dette vil vi opne for brurepar utan adresse eller tilknytning.

Vi ynskjer å nytte tidspunkta 11:00, 13:00 og 15:00 for vigsel. Men tidspunkt kan verte endra sentralt grunna tilgang til prest. Om dette vert endra, skjer dette rundt nyttår.

Sjå meir informasjon på heimesida til kyrkja på www.kirken.no/lom

Datoar for vigsel i kyrkjene i Lom 2027

08. mai	11:00	13:00	15:00
22. mai Kun i Lom			15:00
29. mai Kun i Garmo			15:00
05. juni Kun i Bøverdalen			15:00
26. juni			15:00
10. juli	11:00	13:00	15:00
14. august	11:00	13:00	15:00
18. september	11:00	13:00	15:00
09. oktober	11:00	13:00	15:00

Gravferdshjelpe Lom og Skjåk

Gravferdshjelpe ynskjer å gje
**TILLIT - OMSORG -
TRYGGLEIK**

*Eg kan hjelpe dykk med
alt vedrørande gravferder
og kremasjon.*

Anne Sperstad
mob. 95 72 36 71



Ottadalen Mølle
Alltid der for deg



STOKK & STEIN

2686 Lom Tlf. 90860858 www.stokkstein.no

Heim og ætt

Dåp:

Garmo:

21.09 Rakel Brustuen

Lom:

09.11 Vera Andvord

15.02 Hanna Skogstad Rusten

Jordfesta:

Lom:

24.11 Reidun Synnøve Sandviken f. 1957

05.12 Hilda Marstein f. 1948

27.01 Knut Håkon Fossmo f. 1946

10.02 Anna Teigen f. 1925

27.02 Oddmar Marstein f. 1948

05.03 Thea Gjeilo f. 1935

Bøverdalen:

13.01 Erling Bakkeberg f. 1944

16.01 Leif Morten Saltvik f. 1949

Garmo:

16.01 Randi Bakken f. 1932

04.03 Audun Garmo f. 1950



Om kyrkjebladet

Kyrkjebladet vert sendt ut til alle husstandar i Lom kommune. Bladet kjem ut med fire nummer i året. Ein gong i året vil de finne giro vedlagt for bladpengar, og vi oppmodar alle heimar om å støtte Kyrkjebladet for Bøverdalen, Lom og Garmo.

Vi ynskjer å seie tusen takk til kvar einskild som støttar bladet!

Vi set stor pris på at mange som bur utanfor bygda abonnerar på bladet. Abonnementinformasjon står under kontaktinformasjonen vår på side 2.

Hugs berre å skrive namnet til den som abonnerer ved innbetaling. Ofte står det berre kontonummeret, og da har vi ikkje høve til å finne ut kven som har betalt, og betalaren får ikkje blad i postkassa.

Nå er omnane igangsette!

Med vinter og kulde ute set vi på elektrisk varme i kyrkjene våre, og omnane er varme!

Vi vil difor be dykk alle om å passe godt på så det ikkje kjem klede eller sko/såler innpå omnane.



Bruk av levande ljøs ved gravene på kyrkjegardane våre

Vi er stolte av dei vakre kyrkjegardane i Bøverdalen, Lom og Garmo. Og folk er flinke til å pynte på gravene. Om vinteren ynskjer mange å pynte med ljøs, men vi lyt minne om at det ikkje er høve til å nytte levande ljøs eller noko som helst med open flamme på våre kyrkjegardar. Alternativet er å nytte lykter som går på batteri.



Vi vil også minne om at pynt til jul på gravene lyt fjernast att når jula er over. Særskilt julepynt som ikkje er teken bort frå gravstadene, kan kyrkjegardsarbeidarane utan varsel fjerne etter 20. januar.

Vinterdekorasjonar elles skal festaren syte fot vert rydda seinast 1. mai, jf. Kyrkjegardsvedtektene.

Messeplan

Jf. samarbeid med Skjåk: Dei helgene det ikkje er messe i kyrkjene i Lom, er det oftast messe i ei av kyrkjene i Skjåk – og omvendt. Barnedåp let seg gjere på dei fleste messene våre.

Torsdag 02. april Skjærtorsdag
GARMO KYRKJE kl. 11.00.

Fredag 03. april Langfredag
BØVERDAL KYRKJE kl. 11.00.

Laurdag 04. april Påskenattsmesse
LOM KYRKJE kl. 23.00. Fellesmesse med Skjåk. Merk tidspunkt!

Sundag 05. april 1. påskedag
LOM KYRKJE kl. 11.00. Messe med barnedåp. Offer til Kirkens SOS

Sundag 19. april
LOM KYRKJE kl. 11.00 Samtalemesse med konfirmantane. Offer til Rådet for psykisk helse.

Sundag 26. april
GARMO KYRKJE kl. 11.00.

Sundag 26. april
BØVERDAL KYRKJE kl. 14.00.
Tårnagentmesse

Sundag 17. mai Grunnlovsdag
LOM KYRKJE Tidspunkt kjem i annonsen vår i Fjuken, og på heimesida. Offer til Redd Barna.

Laurdag 23. mai
LOM KYRKJE kl. 12.00.
Konfirmasjonsmesse. Offer til konfirmantarbeidet.

Sundag 24. mai 1. pinsedag
LOM KYRKJE kl. 11.00.

Laurdag 30. mai
GARMO KYRKJE kl. 12.00.
Konfirmasjonsmesse. Offer til konfirmantarbeidet.

Laurdag 06. juni
BØVERDAL KYRKJE kl. 12.00.
Konfirmasjonsmesse. Offer til konfirmantarbeidet.


Sundag 14. juni
LOM KYRKJE kl. 12.00. Songarstemne.
Merk tidspunkt!

Atterhald om endringar i gudstenesteplanen.
Sjå fast annonse i Fjuken og på facebookside vår: kyrkjene i Lom

Besøk heimesida vår:
kirken.no/lom



Bruk kamera-appen på telefonen
din for å scanna QR-koder!



Kalender for Lom
kyrkjelege råd:

